

## **Referat etter møte i Kviteseid Sokneråd** **11.januar 2017 kl.18.00.**

På kommunehuset i sal 'Fjågesund og Brunkeberg'

**Innkalla:**

Leiar: Hans Kristian Aabø, Nestleiar Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen  
Sokneprest Rune Lia (fungerande)

Kommunens representant Tore Åsland

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn, 2. vara: Astrid Grave Aase, og 3. vara: Jan Rune Bjørnson

Kyrkjeverge Kristen Salmelid

Prost Asgeir Sæle.

Forfall: Magnhild Kvalbein, Tore Åsland, 1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn, 2. vara: Astrid Grave Aase, og 3. vara: Jan Rune Bjørnson

**Opning** ved sokneprest Rune Lia

Servering ved Vidar Syrtveit Mikalsen

Kaffi frå kontoret

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreassen og prost Asgeir Sæle.)

<b>Sak 01/17</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>HKA</b>
	<p><b>Forslag til vedtak:</b> Innkallinga og sakslista vart godkjend, med fylgjande forandring: Sak 07/17 ved prost Asgeir Sæle vert handsama etter sak 03/17.Han forlèt møtet etter si sak.</p> <p><b>Vedtak:</b> Forslag til vedtak samrøystes vedteke.</p>	
<b>Sak 02/17</b>	<b>Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 09.11.2016</b>	<b>HKA</b>
	<p><b>Forslag til vedtak:</b> Referat frå soknerådsmøte 09.11.2016 sendt ut på mail 18.11.2016 samrøystes vedteke.</p> <p><b>Vedtak:</b> Forslag til vedtak samrøystes vedteke.</p>	

Sak 03/17	Post og meldingar	
	<p><b><i>Fylgjande orienteringar vart tekne til vitande:</i></b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Alle referata frå AU og Soknerådet skal limast inn i egen protokoll, utan vedlegg.</li> <li>2. <a href="#">MinKirkeApp</a> er utvikla av firmaet <a href="#">Kirkedata</a> som leverer dataprogramma vi bruker: Gravlund og Kardinal. MinKirkeApp kommuniserer med begge desse programma og vil forenkle arbeidet når vi kjem godt i gang. Ingen ekstra kostnad. Appen er under utprøving i staben.</li> <li>3. Arkivering er lovpålagt. Godkjend elektronisk arkivering (NOARK 5) har vore ein mangelvare. Det gjeld alle saker, og post inn og ut til kyrkjekontoret. No frå slutten av 2016 tilbyr fleire leverandørar dette. Vi har bestilt tillegget som Kirkedata har. Det skal vere klart 1.kvartal 2017 frå leverandøren. Kostnad kr 250 pr. bruker pr. måned (Vi trenger 2 brukere). Dette er 60-80% rimelegare enn konkurrentane.</li> <li>4. Nettside burde vi ha. Det er tungvint å oppdatere på kommunens side. Folk etterlyser informasjon, og alle har ikkje Facebook. Vi bestiller mal frå Kirkedata og har som mål i løpet av våren 2017 å få på plass ein enkel nettside som greitt kommuniserer med Facebook og Kardinal. På nettsida skal også referata frå SR-møta gjerast tilgjengeleg. Eksemplar på brukere av den nyaste versjonen av nettsida frå Kirkedata: <a href="#">Re</a> og <a href="#">Arendal</a> som har brukt malen på litt forskjellig måte. Har ikkje kostnadsoverslag enda.</li> <li>5. Kyrkjekontoret har nå fått eit eige datanettverk via kommunen. Det fungerer tilfredsstillande og betra enn eige nettverk vi hadde frå før. Vi får nå grei service frå kommunen utan ekstra kostnader.</li> <li>6. Ny grøn og lilla messehaketil Kviteseid kyrkje har vore ynskje frå det gamle soknerådet og stod på budsjettet for 2016. Då vi (kontoret) omsider fekk bestilt, fann vi ut at det hadde vore ein prosess med dette tidlegare med tanke på motiva, og at vi treng godkjenning av dette frå biskopen før messehakelen vert bestilt. Vi har nå i referat frå gamle Kviteseid sokneråd funne ut kor saka stoppa sist, og syter for godkjenning og bestilling.</li> <li>7. Registrering av mva i Brønnøysundregisteret er naudsynt når omsetninga av momsplichtige tenester/sal passerer kr 50.000. Det har den gjort kvert år ei tid no. Vi er no frå 1.1.2017 mva-pliktige, men ikkje alt er forberedt for dette hos oss og på rekneskapskontoret på kommunen.</li> <li>8. Brev om godkjent gudstenesteforordning er kome. Forordninga vart slik soknerådet hadde foreslege. (<i>brev av 12.12.2016 frå biskopen ligg ved</i>)</li> <li>9. Ikonar til Vrådal vert overlevera og innvigde på gudstenesta i Vrådal 29.januar 2017</li> </ol>	

	<p>10. Fuktskadar i golv i kjeller, Brunkeberg kyrkje, vert inspisera av takstmann fredag 13.1.17 før vidare handling.</p> <p>11. Gamal messehakel i monter, forlèt Brunkeberg kyrkje 16.1.17 for utstilling i Drammen og Notodden vår og haust 2017.</p> <p>12. Vedr. Kristusfigur frå Kviteseid gamle kyrkje på Oldtidssamlinga på Historisk Museum i Oslo: Vi avsluttar arbeidet med å forsøkje å <u>få tilbake</u> figuren. Det vert for krevjande praktisk og økonomisk. Vi arbeider likevel med å få fleire bilete av figuren for å freista å få laga ein kopi. Ny orientering seinare. Få med litt i kyrkjelydsbladet om dette.</p>	
<b>Sak 04.17 (FR)</b>	<b>Orientering AU-vedtak</b>	HKA
	<p>AU hadde møte 19. desember og behandla to saker:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Endringar av det reviderte budsjettet for 2016, drift og investering.</li> <li>2. Forarbeid for budsjettet 2017</li> </ol> <p><i>Vedlegg:</i> Referat fra AU 19.12.</p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet tek den framlagde rapporten og orienteringa om budsjettsaker til vitande.</p> <p><b>Vedtak:</b> Soknerådet tek den framlagde rapporten og orienteringa om budsjettsaker til vitande.</p>	
<b>Sak 05/17 (FR):</b>	<b>Regnskapsrapport desember 2016</b>	
	<p>Regnskapsrapport frå 12.12.2016 har med all løn, det aller meste av fakturaer for året, men manglar ein del vesentleg inntekt (overføring frå gravlegat og innbetala festeavgifter). Med desse om lag kr 350.000 til <i>kpt.112 Kyrkjegardar</i>, ser årsresultatet samla ut til å enda med mindreforbruk (overskot). <i>Rekneskapsrapporten er ført inn i eigen kolonne på det detaljere budsjett-arket som ligg ved sakspapira.</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Rekneskapsrapporten er teken til vitande.</p> <p><b>Vedtak:</b> Rekneskapsrapporten er teken til vitande</p>	

Sak 06/17 (FR):	Budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2010	
	<p>Budsjettet for 2017 er sett opp i balanse med Brutto driftsutgifter og inntekter på kr 4,985 mill.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Derav løn og sosiale utgifter på kr 2,53 mill. Ein auke på kr 137.000 (5,7%) frå 2016 Og forventa lønsgliding på 2,7%</li> <li>• Rammeoverføring frå kommunen på kr 3,364 mill. Som er ein auke på kr 102.000 (3,1%) frå 2016</li> <li>• Avsett kr 100.000 til mogleg stillingsauke (sjå sak 13/17 pkt. 3)</li> </ul> <p><i>Vedlegg:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Driftsbudsjett 2017 detaljert</i></li> <li>• <i>Driftsbudsjett 2017 for vedtak</i></li> <li>• <i>Investeringsbudsjett 2017 og plan til 2020</i></li> <li>• <i>Økonomiplan (drift) 2017-2021 (Vart ikkje med like vel)</i></li> </ul> <p><b><i>Forslag til vedtak:</i></b>  <u>Driftsbudsjettet for 2017</u> er vedteke slik det er framlagt i balanse etter at kr 100.000 er avsett til mogleg ny stilling (tilføres på disposisjonsfondet).  Kpt. 110 <i>Kyrkjeleg adm.</i> har eit <u>overforbruk</u> på kr 48.300 i forhold til inntektene,  Kpt. 111 <i>Kyrkjer</i> har eit overforbruk på kr 166.600,  Kpt. 112 <i>Kyrkjegardar</i> har eit <u>mindreforbruk</u> på kr 189.400, og  Kpt. 110 <i>Andre kyrkjelege formål</i> har <u>mindreforbruk</u> på kr 98.600</p> <p><u>Investeringsbudsjett for 2017</u> er satt opp i balanse med kr 437.000 i inntekt og utgift. Kommunen gjer tilskot på kr 300.000 til brannvarslingsanlegg til Kviteseid kyrkje, og utbetring av blyglasa same plass. Soknerådet bruker sjølv frå investeringsfond til dette kr 40.000, og til aksjar i pensjonsfondet (klp) kr 12.000</p> <p><u>Økonomiplan og investeringsplan</u> er vedteke som framlagt.</p> <p><b><i>Handsaming under møtet:</i></b>  Etter ei kort orientering frå kyrkjevevja, vart soknerådet invitert til deltaking i prosessen vidare. Leiaren kom med forslag til små endringar.</p> <p><b><i>Vedtak:</i></b>  <u>Driftsbudsjettet for 2017</u> vart vedteke i balanse etter små endringar frå det framlagde forslaget. Resultatet avdelingsvis vert då som fylger:  Kpt. 110 <i>Kyrkjeleg adm.</i> har eit <u>overforbruk</u> på kr 48.300 i forhold til inntektene,  Kpt. 111 <i>Kyrkjer</i> har eit overforbruk på kr 166.600,  Kpt. 112 <i>Kyrkjegardar</i> har eit <u>mindreforbruk</u> på kr 189.400, og</p>	

	<p>Kpt. 110 Andre kyrkjelege formål har mindreforbruk på kr 38.600 Kr. 40.000 vert overført til investeringsregnskap for å dekkje utgifter til planlagde investeringar i 2017.</p> <p><u>Investeringsbudsjett for 2017</u> er satt opp i balanse med kr 437.000 i inntekt og utgift. Kommunen gjer tilskot på kr 300.000 til brannvarslingsanlegg til Kviteseid kyrkje, og utbetring av blyglasa same plass. Soknerådet bruker sjølv frå investeringsfond til dette kr 40.000, og til aksjar i pensjonsfondet (klp) kr 12.000</p> <p><u>Økonomiplan og investeringsplan</u> er vedteke som framlagt.</p>	
<b>Sak 07/17 (SR):</b>	<b>Saker frå prosten</b>	
	<p>Prost i Øvre Telemark prosti av Agder og Telemark bispedøme, Asgeir Sæle, vitjar oss på dette møtet. Han skal møte soknerådet ein gong kvart år for å orientera om ulike prosessar og saker. Stikkord for dette besøket:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Den nye Folkekyrkja frå 1.1.2017 v.s. Statskyrkja. Den norske Kyrkja er frå 1.1.17 eit eige rettssubjekt fristilt frå staten. Dette var eit viktig steg i ein 150 lang historie med endringar. Våren 2017 kjem ei høyring om mellom anna framtidig finansieringsmodell av kyrkja (og andre trudoms-samfunn og 'ymist anna')</li> <li>• Utlysing og tilsetjing av ny sokneprest. Stillinga er lyst ut. Søknadsfrist 15.1.17. Intervju (med ein frå soknerådet til stades) ca 20.1. Innstilling frå soknerådet etter ekstra møte (8.2.?) Tilsetjing i Bispedømmerådet 27.2.17</li> <li>• Saker frå prostiet og Bispedømet Høring – ordning for utpeking av biskoper Dette vert sak til neste SR 1.3.17. Frist for høyringa er 15.3.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Soknerådet tek informasjonen til vitande.</p>	
<b>Sak 08/17 (SR)</b>	<b>Misjonsprosjekt for Kviteseid Sokn fra 1.1.2017</b>	HKA
	<p>I soknerådsmøte den 9.11. sak 68/16 vart mandatet til gruppe for å finna nytt misjonsprosjekt gjeve. Gruppa består av Vidar S. Mikalsen og Hans Kristian Aabø</p> <p>Det vart nemnd to aktuelle prosjekt; Bibeloversetjing i Etiopia og Helse/oppvekst i Nepal.</p> <p>Det har ikkje kome inn andre forslag til misjonsprosjekt.</p>	

### **Prosjekt Etiopia:**

Prosjekt eigar er Wycliffe Bible Translators og Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM)

Prosjekt: [Oversitting av Bibelen til Ts'amokko språket.](#)

Lokal tilhøyring: Utsending for NLM Karen Elisabeth Wittersø som er vaksen opp i Kviteseid, og hennar mann Fredrik Hektor. Fleire i kyrkjelyden har tilknytning til Etiopia.

Det vert laga eit nyhendebrev 4 gonger pr. år. Dei har og laga to flotte [film om arbeidet](#). Me kan få besøk i kyrkjelyden av Karen Elisabeth Wittersø under hennar Norges-besøk frå tid til annan.

### **Prosjekt Nepal:**

Prosjekt eigar Normisjon.

Prosjekt: [Helse og oppvekst i Nepal](#). Prosjektet har fokus på tradisjonar som er skadelege for jenter.

Lokal tilhøyring: Utsending for Normisjon Liv Wendel som er frå Kviteseid. Fleire i kyrkjelyden har tilknytning til Nepal

### **Innstilling.**

Misjonsprosjekt for vårt sokn og vår sokneråds periode skal vera prosjektet til Elisabeth Wittersø i Etiopia.

### ***Forslag til vedtak:***

Soknerådet vedtek at misjonsprosjekt for Kviteseid kyrkjelyd (kyrkjene i Kviteseid, Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund og Kilen) for resten av inneverande soknerådsperiode, skal vera Bibelomsetjing til Ts'amakko-folket i Etiopia, via Wycliffe og NLM.

### ***Handsaming under møtet:***

I ei runde med innlegg vart det fremja forslag om å velje det prosjektet som ikkje vart innstilt. Forslaget frå instillingsgruppa falt med 3 mot 5 stemmer.

### ***Vedtak:***

Soknerådet vedtek at misjonsprosjekt for Kviteseid kyrkjelyd (kyrkjene i Kviteseid, Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund og Kilen) for resten av inneverande soknerådsperiode (2017-2019), skal vera Helse- og oppvekstprosjektet som Liv Wendel arbeider med i Nepal via Normisjon.

Sak 09/17 (SR)	Elektronisk betalingsløsning til kyrkjeoffer	KS
	<p>(Sakshandsaming: Svanhild og Kristen)</p> <p>I eit meir og meir kontantlaust samfunn, har folk ofte ikkje kontantar til kollekt. Mange kyrkjelyder og organisasjonar har difor tatt i bruk mobile betalingstenester for kollekt. Det gjer det mogleg å gje til offerformål utan bruk av kontantar.</p> <p>Det finns fleire moglege løysingar. Vi vurderer ikkje bankterminal eller <i>iZettle</i>, då desse er dyre i drift, krev meir utstyr og må betenast av tilsette. Betaling via sms har og vore mogleg i nokre år, men <u>nye betalingsløysingar knytt til appar på smarttelefonar</u> er nå meir utbredt. Desse gjer bankterminal og kontantar overflødig, og pengane kjem rett inn på konto. Det er ingen etableringsgebyr eller abonnementspris. To av dei som er mest i bruk hos nordmenn generelt, er <u>Vipps</u> (frå DNB) og <u>mCash</u> (frå Sparebank 1), men mest kvar bank har sitt eige system.</p> <p>Vipps og mCash høver godt til innsamling av kyrkjeoffer og til andre kyrkjelege innbetalingar. Det er ikkje etableringsgebyr eller abonnementspris på nokon av dei. Pris for bruk av Vipps er frå 1,5% til 2,5% av gjevarebeløpet, etter omsetninga. mCash tar eit transaksjonsgebyr på 1,8% + 20 øre. Begge tenestene tilbyr gode rapportar, men dei frå Vipps er betre og meir fleksible, noko som er viktig med tanke på rekneskapsføringa og holde reie på kva pengane er innsamla til. mCash er laga mest for betaling av tenester, mens Vipps høver meir til å gje gåver. Vipps tilbyr nå også fakturautsending, men det har vi ikkje satt oss inn i.</p> <p>Vi har lese forskjellig informasjon tilgjengeleg på nett, og har vore i kontakt med kyrkjelege sokn som tilbyr løysingane. Gjerdrum sokn har hatt begge tenestene i nesten eit år, og tilrår klart bruk av Vipps, fordi det er enkelt å halde oversikten, og fordi det er fleire som brukar denne tenesta. Mens dei har fleire brukarar av Vipps kvar søndag, har dei på 9 månader berre hatt to innbetalingar på mCash.</p> <p>Det at mange kjenner til og allereie brukar Vipps, er ein hovudgrunn til at denne løysinga kan vere å føretrekkje. Over 2 millionar nordmenn har i dag Vipps-appen. Det er også ei løysing som er i bruk i mange andre kyrkjelyder (630 i september 2016, ifølgje Vårt Land) og i mange organisasjonar.</p> <p>Vi ser også moglegheiter for bruk av Vipps til betaling av kontingentar og eigenandelar (konfirmantar), og til gåver til kyrkjelydsbladet. Betaling for gravstell og festeavgift kan også bli aktuelt.</p> <p>Hvis vi tilbyr tenesta, foreslår vi at vi også tek kostnaden med gebyret. Med til dømes ein kollekt/gåve på kr 200, blir det kr 5 i</p>	

	<p>gebyr. Det vil seie at vi får kr 195 til bruk til formålet. Dersom gåva er til eksterne, ynskjer vi i midlertid å senda vidare heile beløpet og ta gebyret som ein kostnad.</p> <p><i>Vedlegg:</i> Fleire artiklar om saka</p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Kviteseid Sokneråd vedtek å ta i bruk Vipps som mobil betalingsløyising.</p> <p><b>Vedtak:</b> Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.</p>	
<p><b>Sak 10/17 (SR):</b></p>	<p><b>Utvida kyrkeblad?</b></p>	
	<p>Kyrkjelydsbladet blir etter det vi høyrer og veit godt motteke av innbyggjarane i kommunen med distribusjon til alle husstandane. Redaksjonen som består av soknepresten som redaktør, Olav Mosdøl, Niklas Karsen (sett opp bladet for trykking) og Svanhild Fidjeland gjer eit godt arbeid med bladet.</p> <p>Kanskje det er tid for nokre endringar? Formatet kunne godt vore større (A4), med meir plass til bilete og små artiklar. Kanskje tida er moden for ikkje å lista opp namn og beløp på alle som gjer gåve, og berra takka generelt? Vil dette føre til meir eller mindre i gåver?</p> <p><b>Kanskje andre også ynskjer å nytta bladet til å spreie informasjon til bygefolket, og vera med på bladet som eit spleiselag?</b> I nokre sokn/fellesråd/kommunar er andre enn Den Norske kyrkja med med egne sider. Til dømes i Nissedal har Frikyrkja egne sider, og jamvel kommunen har ei side med info som dei vil ha ut til sine innbyggjarar. Slike eksterne må då vere med å dekkje utgiftene til trykking og utsending. Dei må vera redaktør for egne sider.</p> <p><b>Reklame</b> kan det også vere plass til i eit større blad, for å spe på inntektene.</p> <p>Kyrkjevergen vil undersøkje om desse ynskjer å vera med på prosjektet 'Større kyrkjeblad', ein til fire gonger i året:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Normisjon ved Misjonshuset i Kviteseid og bedehuset i Vrådal</li> <li>2. Fredheim (Kviteseid pinsemenighet) og Betel (Kviteseid Misjonsmenighet, Misjonsforbundet)</li> <li>3. Kommunen</li> </ol>	



	<p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet ynskjer å invitere fleire med på å levere stoff til kyrkjebladet. Kyrkjevergen (undersøker om det er interesse, eller) tilbyr Normisjon, Fredheim, Betel og kommunen å vere med å bidra med innhald til eit utvida Kyrkjeblad 1-4 gonger pr år. Berre Kviteseid sokn kan ha giro i bladet, og dei andre sitt innhald skal ikkje vere meir enn 50%. Dei andre er redaktørar for egne sider.</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b> Saka vart utførleg drøfta, og sjølv om nokon meinte tida var mogen for fornying, vart det semde om å halda på eigenarten bladet har i dag. Formatet er bra og kjenneleg. Soknerådet meinte også at det ikkje lenger var ynskeleg at gåver til bladet skal førast opp med beløp og namn på gjevar. Det er nok med generell takk. Vi må framleis hugse giro i bladet! Nokon meinte vi ikkje skulle opne for reklame i bladet. Det vart ikkje stemning for utviding av bladet med fleire aktørar no. Redaksjonen kan gjerne ta med stoff og møtelister frå andre lag og foreiningar innan Den Norske Kyrkja i heile Kviteseid. Bladet kan gjerne ha fleire sider viss det er mykje stoff.</p> <p><b>Vedtak:</b> Soknerådet ynskjer at kyrkjebladet skal halda fram som før med å vera eit organ for kyrkja, med same format som før. Organisasjonar, lag og foreiningar innan Den Norske Kyrkja kan gjerne oppmodast til å bidra med innhald til bladet.</p>	
<p><b>Sak 11/17 (SR)</b></p>	<p><b>Retningsliner for Gull-konfirmant-fest og Fasteaksjonen</b></p>	<p>HKA</p>
	<p>Hans Kristian Aabø har med til møtet forslag til reglar for</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• gull-konformant fest, og</li> <li>• fasteaksjon i Kviteseid sokn.</li> </ul> <p>Desse må reviderast nå etter at vi er blitt eit sokn.</p> <p><b>Vedtak:</b> Kviteseid sokn held fram med å arrangere fest for gullkonfirmantar annan kvart år for to årskull. Komité for festen er kyrkjelydsutvalet med støtte frå soknerådet. Kyrkjekontoret finn namn på gullkonfirmantane, Hanne Roholdt prøver å finna adresse og rette namn. Vi held fram med gamal plan der Kviteseid skal ha festen annan kvar gong, og Vrådal og Brunkeberg på omgang dei andre åra. Då skal Kviteseid halda fest i 2017. I oktober 2015 var det i Vrådal. 15. oktober i Kviteseid kan vera aktuelt for 2017 i forhold til gudsteneste-lista.</p> <p>Fasteaksjonen held fram som tidlegare. Forslag til revidera retningsliner for begge arrangementa blir lagt fram til neste møte i soknerådet.</p>	

<b>Sak 12/17 (SR)</b>	<b>Årsmøte for Kviteseid sokn</b>	<b>HKA</b>
	<p>Årsmøte for Kviteseid sokn 2016 foreslåast halde i Kviteseid kyrkje etter gudstenesta søndag 5. mars 2017.</p> <p>Felles årsmøte for 2015 var i Vrådal søndag 6. mars 2016. Vidare turnus foreslåast å vera i Kviteseid annan kvart år, og Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund åra i mellom.</p> <p>Komité?</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b> Årsmøtet vert etter ein gudsteneste, i 2017 for 2016 i Kviteseid. Rapportar som tidlegare ved prest, organist og kyrkjeverje. Regnskapsrapportar og statistikk. Kyrkjelydsutvalet held kaffe.</p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Årsmøtet for Kviteseid sokn for 2016 vart halde i Kviteseid kyrkje søndag 5. mars. Årsmøte seinare vert annan kvart år i Kviteseid og hhv i Vrådal, Brunkeberg og i Fjågesund.</p> <p><b>Vedtak:</b> Vedteke som foreslege.</p>	
<b>Sak 13/17 (SR)</b>	<b>Aktuelle saker frå soknepresten</b>	<b>RL</b>
	<p>Soknepresten informerer kort om aktuelle saker og kyrkjelydsarbeidet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Oppfylging av kyrkjelydstur, utstilling av bilet-kunst frå Borgny Svalastog, og mogleg Landstad-spel</li> <li>2. Nytt konfirmant-materiell Delta</li> <li>3. Moglegheiter for en liten stilling i trus opplæring frå haust 2017? Sak forberedast meir til neste møte med tanke på innhald og kostnad. Vi får også midlar etter at prosjektet for trusopplæringsplanen avsluttast sumaren 2017.</li> </ol> <p>Orientering under møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjelydsturen er fullteikna med 50 deltakarar, og fleire på venteliste.</li> <li>• Bildar frå B.Svalastog heng no på utstilling i Brunkeberg (4) og Kviteseid (7). Vi venter litt med Vrådal for ikkje å ta fokuset vekk frå ikona som skal innviast 29.1.17. Fjågesund får bildar til neste gudsteneste der.</li> <li>• Ang. eventuelt Landstadspel: Olav Mosdøl arbeider vidare med manus. Økonomisk skal prosjektet vera sjølvberande. Aktuell dato for spel kan vera 20. august 2017. Det kan bli ein konsert i Brunkeberg 18.8. Seljord har allereie planlagt et foredrag om Landstad på Nutheim 19.8.</li> <li>• Nytt konfirmant-materiell Delta blei vist fram.</li> </ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein mogleg liten stilling innafor trus opplæring vert utreda nærare til neste sokneråd.</li> </ul> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet tek orienteringa til vitande.</p> <p><b>Vedtak:</b> Vedteke som foreslege.</p>	
<b>Sak 12/17 (SR)</b>	<b>Eventuelt</b>	<b>HB</b>
	<p>Orientering frå kulturutvalet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Konsert 12. februar i Kviteseid kyrkje ved Olav Mosdøl i samband med hans 80 års dag. Det vert utdrag frå «Songen frå Sion»</li> <li>2. Nær St. Hans vert det ein konsert til ved Olav Mosdøl.</li> <li>3. 7.mai vert det konsert i Kviteseid ved Kviteseid Soul Children i anledning deira 5 års jubileum.</li> </ol> <p>Leiar i soknerådet, Hans Kristian Aabø uttrykte ein TAKK for godt arbeid i 2016 til kyrkjeverja og dei andre medarbeidarane.</p>	

Neste ordinære møte i soknerådet vert 1. mars 2017. Dei neste blir 26. april, 7. juni.

Ekstraordinært sokneråd kan bli 8. februar kl. 18-19 i samband med tilsetjing av ny prest.

Ref.: GKE og KS